



Lisbeth og Vetlesjerna på Døsland etter suksessen i Sogn. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein vaskeekte tungdøl busett på Døsland i Uskedalen vart laurdag best i klassen sin i utstillinga i Sogndal. Forvert Lisbeth Stensletten (20) opplevde dermed eit desidert høgdepunkt i sitt entusiastiske liv med hestar.

Den sju år gamle Vetlestjerna er ein tungdøl som det heiter på fagspråket. Det betyr at ho ikkje har innblanding av andre raser.

Hoppa vart stilt som spiss blant fire hoppar i klassa si og vart skamrost av dommarane, som mellom anna skreiv at ho var høggeist, hadde god muskulatur og fine rørsler.

Ho fekk raud sløyfe som tyder premiegrad to. Ein skal ikkje sjå bort frå at hoppa kunne ha fått kvit sløyfe (premiegrad ein) hvis ho hadde hatt meir enn eitt føll. Difor er målsettinga til Lisbeth at Vetlestjerna snarast må få eit føll til slik at ho får sjansen til å bli førstepremiehoppe. Med andre ord er Lisbeth no på utkikk etter ein riktig kjekk dølhingst.....

Førre skuleåret gjekk Lisbeth på folkehøgskulen på Nordfjordeid og det var der ho vart kjend med hestemiljøet i fylket nord for vårt, som i nesten forbausande stor grad handlar om dødehest. Han var den dominerande rasen under utstillinga i Sogndal.

No bur Lisbeth på det ein kan kalla ein typisk hestegard, ettersom Hallvard Døssland har fem hestar i stallen. Fire av dei er kaldbolds-travarar og ein altså tungdøl utan traverinnslag i blodet.

Den eine har ei spesiell historie, for Lisbeth hadde ho med seg frå Sogndal der hesten vaks opp etter å ha kome til verda i Balestrand.

Vetlestjerna blir framleis eigd av ein sogndøl, men Lisbeth har full råderett over henne.

Ho har hatt ei von om å få kjøpa den fine hoppa, men sjansen til det er truleg redusert etter suksessen i helga. Tidlegare har Vetlestjerna fått to tredjepremiar.

Lisbeth har vore hekta på hest lenge og sjølv om ho framleis er ung har ho så langt hatt fem hesterasar på for. Dei er islandshest, kaldblodstravar, araber, varmblodstravar og tungdøl. Men dette var utstillingsdebuten hennar. Ho synest det er ein framifrå hobby, men trur ikkje at det kan bli nokon heildagsjobb utav det. No arbeider ho i Dønhaug Gardsbarnehage. Lisbeth rir dressur på Rosendal-bana kvar onsdag men ellers i veka er ho i skogen og på fjellet med Vetlestjerna.

Den beste hestevenninna hennar i Uskedalen er Catrine Moberg.

Då utstillinga i Sogndal nærma seg slutten vart Lisbeth kalla inn att saman med hesten for no skulle dagens hest kårast. Det vart ikkje Vetlestjerna - denne gongen. Men det kjem fleire sjansar - kanskje allereie neste år?

Av Ola Matti Mathisen



Høgreist og med god muskulatur, sa dommarane. (Foto: Ola Matti Mathisen)